



Hardangerrådet iks



Premiss Kultur. Uttale til Regional Kulturplan for Hordaland 2015-2025 fra Hardanger Kulturråd.

Hardanger Kulturråd.

Hardangerrådet iks er eigd av Granvin Herad, Eidfjord kommune, Jondal kommune, Kvam herad, Odda kommune, Ullensvang herad og Ulvik herad. Hardanger Kulturråd er nettverket i Hardangerrådet iks mellom dei kommunale kulturansvarlege i eigarkommunane/-herada. Hardanger kulturråd gjev med dette ein felles uttale frå Hardangerregionen med bakgrunn i det utsende høyringsdokumentet med handlingsprogram. Me gjer merksam på at kommunar/herad i Hardangerregionen gjev sine synspunkt som spesifikt tek opp aktuelle konkrete innspel til høyringsdokumentet.

Hardangerregionen.

Hardangerregionen har lang historie som kulturregion. I samband med nasjonsbygginga på 1800 talet var Hardanger ikonregionen og det varte heilt opp til moderne tid. Dei mange kunstnarane som gjennom generasjonar har funne inspirasjon i Hardanger har framheva kulturregionen som hardingane har odla og utvikla til i dagens samfunn. Kulturinstitusjonane i regionen formidlar både fortid og notid og tek ansvar for framtida for regionen. Eit blømmande kulturliv med profesjonelle utøvarar og amatørar syner Hardanger som av dei mest attraktive regionar i landet for kunst og kultur. Festival-Hardanger held oppe duggnadsånda og viser levande kultur med tradisjonelle og moderne uttrykk, som styrkjer identiteten, trekkjer mange gjester og er sentralt i omdømebygginga av Hardanger. Kommunane/herada i Hardanger har vist vilje til å satsa på profesjonell kunst og kultur og har etablert gode ordningar for utøvande kunstnarar. Det er tilrettelagt for stor aktivitet innafor friluftsliv med svært mange attraktive tur- og aktivitetsområde. Det frivillige lagslivet og kulturskulane i Hardanger legg livsgrunnlag for framtidige levande kulturutøving i regionen.

Når Handlingsprogrammet vert sett i verk av Hordaland Fylkeskommune så forventar Hardanger Kulturråd at det vert invitert til aktiv medverknad frå den solide kulturregionen Hardanger.

Omfattande og informativt kulturdokument.

Det utvida kulturomgrepet er innbaka i denne planen som inkluderer heile spekteret i kulturlivet: museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen er eit omfattande dokument fylt med målsetjingar, definisjonar og fakta. Dokumentet er generelt og informativt og gjev god innsikt i dei ulike elementa som Kulturomgrepet tek oppi seg. Det er likevel så omfattande dokument at det er vanskeleg å sjå samanhengen og samverknaden mellom dei 39 innsatsområda. Sjølv om planen gjev eit samla oversyn, så skal det inn så mange aktørar at det vert fare for fragmentering mellom fylkeskommunale avdelingar og eksterne aktørar .

Omgrepet Premiss Kultur opnar store forventningar til oss på kommunalt hald. Hordaland skal vera ein leiande europeisk kulturregion og Fylkeskommunen skal ta ei samla grep overfor kommunane og fremja sektorovergipande kulturpolitikk. Dette skal visast gjennom verkemiddelbruken. Hardanger Kulturråd ser klart at eit plandokument er eit viktig grep å ta, men det er viktig også å sjå verkemiddelbruken i samanheng med aktørane ute i livet, der den daglege kulturutfaldinga skjer, i institusjonar, kommunar, bygdelag og grender.

Ta heile fylket i bruk.

Hardanger Kulturråd har merka seg at Hordaland Fylkeskommune skal å ta heile fylket i bruk. For Hardanger er det viktigare å invitera til å halda heile fylket i kulturell aktivitet. I planen kan det verka som Hordaland Fylkeskommune vil motverke den kulturelle «Oslodominansen» ved å forsterka «Bergensdominansen». Hardanger, som ein av dei folkesvake regionane i Hordaland, kan lett havna i ei bakevje dersom det er folketal og sentralisering som er konsekvensen av denne målsetjinga og følgjeleg av fordeling av midlar. Hardanger Kulturråd ber om at planen vert tydlegare på omgrepene «Ta heile fylket i bruk» slik at regionane kan vita kva dei kan forventa av Fylkeskommunen.

Nye tilskotsperiodar.

Planen seier at det skal vera føreseieleg vilkår for brukarane, samstundes som det skal innførast alternative periodar for driftstilskot. Hardanger Kulturråd er bekymra for denne nye tilskotsmåten, då arbeidet fort kan dreia frå aktiv kulturutøving og –formidling til fokus på prosjektarbeid og søknadskriving. Fylkeskommunen vil også få mykje meirarbeid med ei slik organisering. Dei etablert institusjonane treng rammevilkår som sikrar fagfolk og fokus på primæroppgåvene, og då må tilskotsperiodane vera langsiktige.

Samarbeid med kommunane.


I tråd med aukande press på kommuneøkonomien vert det også aukande fokus på driftsoppgåver. Kommunale kulturansvarlege får i slike tider tillagt fleire oppgåver og kommunane får ulik organisering for kulturfeltet. Kulturplanen legg i svært mange av sine Innsatsområde og Tiltak opp til at kommunane er partnarar. Dette vil krevja at både økonomiske og menneskeleg ressursar må prioriterast.

Handlingsprogrammet.

Oppsummert så er det 39 innsatsområde og 163 tiltak som skal gjennomførast i planperioden. Dette er ambisiøse og nyttige innsatsområde og tiltak som vil løfta fram dei ulike delene av kulturlivet i Hordaland. Mange av tiltaka er pågående, mange skal startast opp i 2015 og 2016 mens for mange tiltaka står det planperioden. Hardanger Kulturråd tilrår Hordaland Fylkeskommune å tidfesta alle tiltaka slik at samarbeidspartene har forpliktande rammer å forhalda seg til.

Kinsarvik 26.09.2014

For Hardanger Kulturråd



Leiv Vambheim

Dagleg leiar i Hardangerrådet iks